



2

Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Haldis Håpoldøy, 5557 2256

Vår dato
27.02.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2017/1676 632.3
Dykkar referanse

Til kommunane i Hordaland

Utlysing av tilskot til symjeopplæring for nykomne minoritetsspråklege elevar og vaksne 2017

Kunnskapsdepartementet har vidareført tilskotsordning med symjeopplæring for nykomne minoritetsspråklige elevar. Hordaland har motteke kr 833 000 til føremålet. Kommunen kan søkje om inntil **kr. 1 750** for kvar elev. Andre kostnader må kommunen dekke sjølv. Tilskotet skal brukast i budsjettåret 2017.

Mål for ordninga

Målet er å redusere risikoen for ulykker i samband med bading og å setje elevane betre i stand til å nå kompetansemåla i læreplanen. I læreplanane er det eit mål at elevane skal vere symjedyktige etter 4. årstrinn.

Kven kan søkje

Det er berre kommunar som har nykomne minoritetsspråklige elevar som kan søkje om tilskot. Det kan søkjast for barn, unge og vaksne som har *rett* til grunnskoleopplæring.

Dersom kommunen har andre elevar som ikkje kan symje eller har hatt høve til å delta i symjeundervisning, kan også desse ta del i symjeopplæringa. Desse skal *ikkje* takast med i søknaden.

Følgjande skal leggjast til grunn

Symjeopplæringa kan gjevast i løpet av skuletida eller etter skuletid. Kommunane vel sjølve korleis opplæringa skal organiserast og leggjast opp. Søknader som beskriv eit samarbeid mellom frivillige organisasjonar og korleis dette kan etablerast/vidareførast, vil bli prioritert dersom fleire står likt. Dersom kommunar ønskjer å samarbeide om å etablere ordningar, kan dette gjerast. Det er viktig at jenter og gutar får eit likeverdig tilbod.

Søknadsfrist 1. april 2017

I søknaden skal de opplyse om korleis de vil organisere tiltaket, kor mange timar de planlegg for og kva beløp de søkjer om. Legg ved namne- eller gruppeliste med alder på elevane.

Det er ikkje eige søknadsskjema for ordninga. Send berre ein søknad for kvar kommune.

Søknaden skal sendast til postmottaket Fylkesmannen i Hordaland. E-post-adresse:
fmhopostmottak@fylkesmannen.no

Med helsing

Hanne Melander
seniorrådgjevar

Haldis Håpoldøy
seniorkonsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.